



## Statens vegvesen

MODALEN KOMMUNE  
Postboks 44

5732 MODALEN

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Elin Fjetland / 51911373

Vår referanse:  
22/215254-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
02.12.2022

### Oppdatering/revisjon av veglistene i kommunen – Våren 2023

Det er igjen tid for å gå gjennom veglistene (forskrift) for å sjå om dei er i tråd med behovet og bruken av vegane. Gjeldande veglister vedlagt dette brevet.

Veglistene kjem ut to gonger i året – 1. april og 1. oktober. Vi har følgjande veglistene:

- Normaltransport (normal godstransport)
- Tømmertransport
- Modulvogntog
- Spesialtransport
- Mobilkraner mv.
- 12/100-vegnett (ekstra tung spesialtransport)
- Modulvogntog type 1 og 2 som ikkje oppfyller dei nye sporingskrava, og modulvogntog type 3, kan berre køyre på vegane som står i vegliste for modulvogntog. Frå og med desember utgåva av vegliste for tømmertransport, er det opna for at modulvogntog type 1 og 2 og 24-metersvogntog, som klarer dette sporingskravet, kan køyre på deler av vegnettet som er tillaten for 24 m tømmervogntog. Kva vegar dette gjeld, står i den nye kolonna «Tillaten for modulvogntog 1 og 2 med sporingskrav», kor «Ja» betyr at vegen også er tillaten å køyre med modulvogntog type 1 og 2 og 24-metersvogntog. Tillaten aksellast og totalvekt i kolonna «Bk/totalvekt» gjeld også for modulvogntog og 24-metersvogntog. Modulvogntog type 1 og 2 skal oppfylle same sporingskrav som tømmervogntoga.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Bergelandsgata 30  
4012 STAVANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

Mellom desse utgjevingane som er omtalt over, skal det svært viktige grunnar til for å gi ut nye veglister. Det er ikkje god nok grunn at nokon pressar på for å få lov til å køyre på ein veg. Det er difor viktig at dykk, innan fristen som er gjeve, går gjennom veglistene og ser om dei er korrekte. Vi har vedlagt meir informasjon om regelverket saman med rettleiing og forklaringar.

Det er ikkje tillate å skilte ein veg med høgare vekt enn det som står i veglistene, men om ein veg/bru t.d. får ein skade, kan den setjast ned til lågare vekt med skilt.

Veglister for normaltransport, tømmertransport og spesialtransport syner tillatne vekter og vogntoglengder for heile vegnettet. Veglistene for modulvogntog, mobilkraner mv. og 12/100 spesialtransport vil berre innehalde dei vegane som er tillatne køyrd på eller kan bli tillaten med dispensasjon.

### **Spesielt for tømmertransport**

For å forenkla regelverket som tungbilsjåførane må forhalde seg til, er det ynskjeleg å fase ut 22 m tømmervogntoglengde og berre ha 24 m som maksimalt tillaten vogntoglengde for tømmervogntog (når lengde kan overstige 19,50 m).

Det er også svært få strekningar som i dag er tillaten for 56 tonn tømmertransport, som ikkje kan verta tillaten for 60 tonn totalvekt.

Tømmertransport kan og bli tillate for BkT8/60 dersom aktuelle bruer toler dette.

Vi ber dykk om å ta ein sjekk på ovannemnde, slik at vi får eit enklare regelverk der det nyttast 50 eller 60 tonn totalvekt og 19,5 eller 24 m vogntoglengde for tømmervogntog.

### **Jernbaneplanovergang**

Det er strenge reglar for tryggleiken på jernbana. De må kontakte BaneNor om de vurderer å tillate større totalengde eller totalvekt på veg over jernbaneplanovergang. Før eventuelle endringar, må BaneNor vurdere om auka vekt eller dimensjon vil medføre auka risiko som er uakseptabel. Vurderinga frå BaneNor må følge med tilbakemeldinga dykkar på dette brevet.

Viktige spørsmål å stille seg er mellom anna:

- Har det skjedd endringar sidan siste vegliste vart utgjeven. Er det noko nytt/ending som bør vere med i komande vegliste t.d. ny veg, forsterking av bru, skade på bru, skade på veg osv.
- Er transportårene i veglista i samsvar med verkeleg bruk av vegnettet og har dei rett bruksklasse og/eller vogntoglengde?
- Har de veganlegg eller utbetringsarbeid som vil føre til høve for auka bruksklasse og/eller vogntoglengde og som de er heilt sikre på at vil bli opna/ferdig mellom utgjevinga av veglistene?

Ynskjer de å forskottera ny bruksklasse og/eller tillate ny vogntoglengde?

Om ja; På kva for ein veg og frå kva tidspunkt ynskjer de evt. at ny bruksklasse og/eller tillaten vogntoglengde, skal gjelde?

Gjeld det fleire vegar, må de sette opp ein tabell med følgjande kolonnar:  
Vegnummer, strekning, ny bruksklasse og vogntoglengde, skal gjelde frå <dato>.

- Står alle vegar for bussruter i Bk10?

Det er i dag sjeldan at bussar kan køyre lovleg på vegar med lågare bruksklasse enn Bk10. Kva gjer kommunen med dette om ikkje alle vegane i bussrutene står i Bk10?

Det er ikkje høve å gje dispensasjon for vekt for buss, noko som inneber at enten må vegen i bussruta bli tillaten for Bk10 generelt eller så må bussen endre rute.

HUGS at evt. bruer må tole dei tillatne vektene og at auking i vekt utan forsterking, kan føre til auke i kostnadar til vedlikehald.

- Er det samsvar mellom bruksklasse på vegene og vekten/størrelsen på renovasjonsbilen?

Mange nytter i dag lastebilar med komprimator til renovasjonen. Dette er tunge bilar som ofte treng Bk10-veg, for at skal ein skal kunne køyre lovleg. Renovasjonsbilar med alternative drivstoff (elektrisk, gassdrevne, hybrid), er tyngre enn tilsvarande fossildrevne.

Det er ikkje mogleg å gi dispensasjon for vekt på renovasjonsbilar, noko som inneber at enten må vegen stå i Bk10 eller så må renovasjonsbilen være liten og lett nok til å tilfredsstillе aksellastene til ein lågare bruksklasse når den er full.

HUGS at ev. bruer må tole dei vektene som er tillatne og at auka vekt utan forsterking, kan føre til aukte kostnadar til vedlikehald.

- Er det Bk10 veg inn til industriområde slik at transportane kjem fram? Kva med t.d. transport av mjølk?
- Er det andre endringar i trafikkstraumen som gjer at det kan vere lurt å sjå på kva vegane er tillatne for?

**OBS!** Statens vegvesen oppdaterer data om vektorer, dimensjonar og strekningar (tekst), men ikkje sjølv kartgrunnlaget med m.a. namn på gater. Det må til Statens kartverk.

**Frist for tilbakemelding er 31. januar 2023.**

Vi ynskjer svar på dette brevet sjølv om kommunen ikkje har nokon endringar. Vi ber om at svaret også vert sendt direkte til sakshandsamar på e-post.

Spørsmål eller kommentarar kan rettast til sakshandsamar Elin Fjetland, tlf. 51 91 13 73 eller på e-post til [elin.fjetland@vegvesen.no](mailto:elin.fjetland@vegvesen.no)

Dispensasjon spesialtransport og vegliste  
Med helsing

Tone Wiig  
Kontorsjef

Elin Fjetland

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg: 7

Likelydande brev sendt til

ALVER KOMMUNE, Postboks 4, 5906 FREKHAUG  
ASKVOLL KOMMUNE, Postboks 174, 6988 ASKVOLL  
ASKØY KOMMUNE, Klampavikvegen 1, 5300 KLEPPESTØ  
AURLAND KOMMUNE, Vangen 1, 5745 AURLAND  
AUSTEVOLL KOMMUNE, Birkelandsvegen 2, 5392 STOREBØ  
AUSTRHEIM KOMMUNE, Sætremarka 2, 5943 AUSTRHEIM  
BERGEN KOMMUNE, Postboks 7700, 5020 BERGEN  
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE, Postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN  
BREMANGER KOMMUNE, Postboks 104, 6721 SVELGEN  
BØMLO KOMMUNE, Rådhuset Leirdalen 1, 5430 BREMNES  
EIDFJORD KOMMUNE, Simadalsvegen 1, 5783 EIDFJORD  
ETNE KOMMUNE, Sjoarvegen 2, 5590 ETNE  
FEDJE KOMMUNE, Stormarkvegen 49, 5947 FEDJE  
FITJAR KOMMUNE, Postboks 83, 5418 FITJAR  
FJALER KOMMUNE, Dalstunet 20, 6963 DALE I SUNNFJORD  
GLOPPEN KOMMUNE, Grandavegen 9, 6823 SANDANE  
GULEN KOMMUNE, Eivindvikvegen 1119, 5966 EIVINDVIK  
HYLLESTAD KOMMUNE, Lifjordvegen 7, 6957 HYLLESTAD  
HØYANGER KOMMUNE, Postboks 159, 6991 HØYANGER  
KINN KOMMUNE, Postboks 294, 6701 MÅLØY  
KVAM HERAD, Grovagjelet 16, 5600 NORHEIMSUND  
KVINNHHERAD KOMMUNE, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL  
LUSTER KOMMUNE, Postboks 77, 6866 GAUPNE  
LÆRDAL KOMMUNE, Øyraplassen 7, 6887 LÆRDAL  
MASFJORDEN KOMMUNE, Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES  
MODALEN KOMMUNE, Postboks 44, 5732 MODALEN  
OSTERØY KOMMUNE, Postboks 1, 5293 LONEVÅG  
SAMNANGER KOMMUNE, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE  
SOGNDAL KOMMUNE, Postboks 153, 6851 SOGNDAL  
SOLUND KOMMUNE, Hardbakke 26, 6924 HARDBAKKE  
STAD KOMMUNE, Rådhusvegen 11, 6770 NORDFJORDEID  
STORD KOMMUNE, Postboks 304, 5402 STORD  
STRYN KOMMUNE, Tonningsgata 4, 6783 STRYN  
SUNNFJORD KOMMUNE, Postboks 338, 6802 FØRDE  
SVEIO KOMMUNE, Postboks 40, 5559 SVEIO  
TYSNES KOMMUNE, Uggdalsvegen 301, 5685 UGGDAL  
ULLENSVANG KOMMUNE, Opheimsgata 31, 5750 ODDA  
ULVIK HERAD, Skeiesvegen 3, 5730 ULVIK  
VAKSDAL KOMMUNE, Konsul Jepsensgata 16, 5722 DALEKVAM  
VIK KOMMUNE, Postboks 134, 6891 VIK I SOGN  
VOSS HERAD, Postboks 145, 5701 VOSS  
ØYGARDEN KOMMUNE, Ternholmvegen 2, 5337 RONG  
ÅRDAL KOMMUNE, Statsråd Evensensveg 4-6, 6885 ÅRDALSTANGEN